



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
79/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	27.09.2022
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA-C20, TI-&01	22/797

### SAMARBEIDSAVTALE MELLOM VAKSDAL IDRETTSRÅD OG VAKSDAL KOMMUNE

#### Vedlagte saksdokument:

Samarbeidsavtale med idrettsrådet  
Samarbeidsavtale

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Samarbeidsavtalen mellom Vaksdal idrettsråd og Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn for saka

Mange kommunar i Noreg har samarbeidsavtale mellom idrettsråd og kommune. Etter initiativ frå Vaksdal idrettsråd er det ynskjeleg med ein samarbeidsavtale mellom Vaksdal kommune og Vaksdal idrettsråd

Utkast til avtale er utarbeida av Vaksdal idrettsråd og byggjer på oppfordring og mal som frå Norges idrettsforbund.

Samarbeidsavtalen har som føremål å styrka og utvikla samarbeidet mellom kommunen og idrettsrådet. Samarbeidet skal bidra til ei positiv utvikling av idretten sine aktivitetstilbod gjennom gode og føreseielege rammevilkår for idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet skal i forhold til kommunen fungera som eit talerør for idretten.

Samarbeidsavtalen skal blant anna bidra til:

- Å fremja felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i kommunen.
- Å sikra god samordning og kommunikasjon mellom kommunen og idretten.
- Å klargjera viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar til samarbeidet.
- Å sikra god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet.

Avtalen gjeld for fire år, men kan evaluerast etter to år, og skal reviderast når ein av partane finn det naudsynt.

*Kva er idrettsrådet?*

Idrettsrådet er eit fellesorgan for idretten i Vaksdal kommune. Styret vert valgt av av idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet er organisert i Norges idrettsforbund gjennom Vestland Idrettskrets og lagt under NIF sine lovar og vedtekter.

Idrettsrådet er eit fritt, sjølvstendig og politisk uavhengig organ, og skal funga som eit rådgjevande organ i forhold til kommunale myndigheiter i saker som vedkjem idretten i kommunen. Idrettsrådet skal arbeide for best mogeleg vilkår for idretten i kommunen og skal gjera prioriteringar på vegne av idrettslaga.